


Kyrping

TEMA: Frå tjodveg Ⓓ84, Bygdehandverk Ⓓ127



Kyrping ved hundreårsskiftet.

Handelsstaden nede ved fjorden på Kyrping høyrer ikkje til den eldre gruppa av handelsstader frå 1600- og 1700-talet. Først etter liberaliseringa av handelslovgevinga i 1842, kom det handel her. Like fullt er Kyrping eit gammalt knutepunkt i ferdsla frå Stordalen og Litledalen til bygdene på nordsida av fjorden. Men framfor alt låg Kyrping sentralt i hovudvegen austover mot Røldal; gjennom Stordalen og framom garden Øyno. Frå Bergen og fjordbygdene nordanfor kom dei som skulle på pilegrimsferd til jonsokmessa i Røldal og – i seinare hundreår – til Røldalsmarknaden (Ⓓ400).

Kyrping har ei god hamn. Her har bøndene på øvre og nedre Sævareid frå gammalt hatt nausta sine, men også Etnefolket nytta sjøvegen frå Kyrping. □

VEGANLEGGET LANGS ÅKRAFFJORDEN

Ein av dei mest fascinerande vegane i fylket er E-34 langs Åkraffjorden; eit meisterverk i ingeniørkunst.

Vegen vart bygd i åra 1940-42 og var det største vegprosjektet i vegvesenet si historie. Vel 1000 mann var i arbeid her i 1940, og vegen vart driven for hand; 40 m høge vegskjeringar, 30 m høge vegmurar, 13 tunnelar og 40 bruer med smått og stort.

Dei tyske styresmaktene pressa på for å få vegen ferdig, både av sysselsettings- og millitære grunnar. Vegbygginga vart såleis forsert og fekk ikkje heilt den standard som opphavleg var planlagt. Men langs vegen finst likevel mange døme på godt gamalt handtverk i steinbruer og vegmurar.



Rosemålarer si sjarmerande folkelivsskildring av skomakaren ved sin lest. Kyrping i dag.



FRETTEMÅLARANE

I 1826 kom ASLAK TARJEISSON og kona hans, ÅSNE, frå Levadd i Vinje i Telemark. Dei kom den lange vegen over fjellet frå Røldal til Stordalen, med kvar si småjente på ryggen vert det fortalt, og ville helsa på haugianaren ÅSMUND VINJE i Etne. Aslak var også haugianar, og han vart ein av dei lokale leiarane for denne lekmannsrørsla.

Aslak og Åsne bygsla husmannsplassen «FIRAMÅL» under garden Frette og vart buande der i mange år. Aslak Frette var ein dugande rosemålar, av ei gammal handverkarrett i Telemark. Stilen hans minner litt om BJØRN BJAALID og litt om HANS GLITTENBERG, men den er enklare og ikkje så rytmisk. Aslak måla mykje i Etne og i nordre delen av Ryfylke, og han var ein av dei mange austmennene som fann seg eit levebrød i fjordbygdene. Han var ein vryd mann i Etne, og det var mange som minst denne kloke og fâmælte karen.

På ei seng i Stordalen måla han eit lite visdomsord: «Jeg ved min Sængestok har meer end Glæde nok at jeg kan tænke paa mit sidste Straa». I 1870 følgde han etter nokre av borna og drog til Amerika. I mange år før dette hadde han eit godt samarbeid med grannen sin, smeden HALDOR HALDORSSON MÆLAND på husmannsplassen «VADLABROTET». Haldor smidde beslag og låsar til kistene som Aslak måla. Son til Aslak, Tor, fødd 1830, heldt fram som rosemålar etter at faren drog til Amerika. Han gjekk under namnet TOR FIRAMÅL. Stilen hans er i pakt med endringane i moten på slutten av 1800-talet: enklare roser og sparsam dekor på imitert botnfarge, eik eller mahogny, såkalla «ådring». Men til skrivning var han ein meister. Mange av kistene hans er perler av prydskrift. I Sæbotunet står ei kiste med følgjande innskrift: «Tjenerens Klæde Kiste fra Etne Malet 1872 af T. Frette» (Ⓓ127).